



Skal du på ditt fyrste skiskyttarrenn?

Aldri vore på skiskyttarrenn før? Her er litt informasjon som kan være nyttig:

Før rennet

Buskerud skiskyttarkrets arrangerer Sparebank 1 Cup med renn gjennom heile sesongen. Skiskyttararenaer i Buskerud, i tillegg til Liatoppen, er Geilo, Svene, Simostranda og Hønefoss. Informasjon og terminliste finn du på:

http://www.skiskyting.no/no/kretser/region_ost/buskerud_ssk/?folderpagesize=10.

I tillegg kan det være aktuelt å delta på renn i andre kretser (t.d. Oslo/Akershus og Oppland). Alle kretsar har sine egne terminlister. Fullstendig terminliste finn du på

http://www.skiskyting.no/no/arrangement/terminliste/fullstendig_terminliste/

For Sparebank 1 cup renna på Svene, Simostranda og Hønefoss blir det ofte sendt ut felles informasjon om overnatting.

Påmelding

Foresatte melder på sin egen unge/ungar til skiskyttarrenna. Påmelding skjer på Min idrett:

<https://minidrett.nif.no/>

Klubben dekker påmeldingsavgifta. Dersom ein utøvar er påmeldt på renn utan å delta, må utøveren sjølv betale påmeldingsavgifta (gjelder ikkje ved sjukdom). Dette er for å unngå ekstra kostnader for klubben.

Renn

På kretsen sine renn har det dei seinare åra vore stor deltakelse fra Ål SSL. Det er ein fin måte å bli kjent med andre utøvere og foresatte i klubben! Her er det ein positiv og god stemning, og det vil være mogleg å få hjelp om man trenger det i starten.

Skiskyttarrenna startar alltid med innskyting, deretter renn. Det betyr at man må rekne med litt ventetid mellom innskyting og konkurransstart.

Informasjon om dei aktuelle skiskyttarrenna finner du på arrangørklubben si heimeside. Her finner ein program, startlister og oversikt over innskytingsskiver. Det varierar litt i kor god tid før rennet arrangøren legger ut startlister og skivefordeling for innskytinga.

På Ål skiskytterlag si heimeside vil du finne innskytingslister og oversikt over foreldreoppgåver. Foreldreoppgåver vil være t.d. å hente og dele ut startnummer, passe innskytingsrekkefølga, hjelpe trenarane med innskytinga. Desse listene blir lagt ut etter at arrangøren har lagt ut startlister og skivefordeling på innskyting.

NB! Innskytingstidspunkt kan endra seg. Pass derfor alltid på å være ute i god tid til innskyting!



ÅL SKISKYTTERLAG

Startnummer blir delt ut klubbvis. Det vil være ein av dei foresette som har ansvar for å hente og dele ut startnummer og våpenmerkelapp. Dette skjer under innskytinga. Våpenet skal merkast med ein klistrelapp med utøveren sitt startnummer. Dette blir delt ut saman med startnummeret. Etter innskytinga blir våpenet sett på plass ved den skiva utøveren skal skyte på i rennet. Dette gjer trenaren (innskytingsansvarleg og hjelpar), med mindre anna er avklart med føresette. Etter rennet får man våpenet ved å kontakte mannskapet på standplass. Våpenet blir sjekka av standplassmannskap før utlevering.

Nybyrjarar skyt på store blinkar. Frå 11 årsklassen går man over til små blinkar (nybyrjarar over 11 år skyter og på store blinkar til dei ikkje er nybyrjarar lengre), og frå 13 årsklassen byrjar utøvarane å skyte med reim (utan støtte). Frå 17-årsklassen bærer utøverne våpenet sjølv, og dei har også ståande skyting.

Brikke

Før start skal utøveren ha på tidtakerbrikke. Møt derfor til start i litt god tid. Utøvarar frå 13 og eldre, MÅ bruke eigen Emit-brikke.

Følg ellers med på skigruppa si nettside

<http://aal-skiskyttarlag.idrettenonline.no/p/6835/hovedside> , her får du viktig informasjon!

Skigruppen ynskjer mange utøvarar på skirenn, og ynskjer foreldre og utøvarane lykke til med fyrste skiskyttarrenn

Bendit

Sesongavslutning for skiskytterseongen er Bendit skiskytterfestival. Dette er årets høydepunkt for mange skiskyttarar, og eit arrangement som smalar over 1000 deltakere frå heile landet (og kanskje utlandet og).

Minner og om at...

... treningstider fortel når treninga startar opp. Før kombinasjonstreninga kan starte, må det leggjast fram skytematter og støtter. Det er ynskjeleg at alle bidreg med dette. Frammøte bør difor være litt før treningsstart, slik at alt er klart når treninga byrjar.